



## Notat

Dato: 20.01.2017  
Arkivsak: 2015/5926-15  
Saksbehandlar: gurklyv

---

**Til:** Pål Kårbø, Fylkesvaraordfører

---

**Frå:** Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

---

### Sal av aksjar og rettar i AS Strandgaten 196. Signering av dokument.

Fylkestinget godkjente den 04.10.2016 salet av HFK sine 30 aksjar i AS Strandgaten 196 til Vestbo BBL, samt overdraging av leigeretten og obligasjonsinnskottet, for ein samla sum på kr 30 mill.

Vedlegg 1: Fylkestinget sitt vedtak

Advokatfirmaet Thommessen AS v/advokat Ivar Strandenes har fått i oppdrag av partane å utforme alle naudsynte dokument i samband med oppgjeret samt å gjennomføre sjølve oppgjeret. Partane deler på denne kostnaden.

Vedlagt følgjer *Avtale om kjøp av aksjar*. HFK overdrag sine 30 aksjar i selskapet til Vestbo BBL, samtidig som selskapet kjøper seg ut av leigekontrakten med tilhøyrande obligasjonsinnskott. Kjøpesummen på kr 30 mill. er fordelt med kr 8.949.187 for aksjane, kr 17.509.813 for leigeretten og kr 3.541.000 for obligasjonsinnskottet. Pengane vert betalt til oppgjerskonto hos Advokatfirmaet Thommessen AS, og vert overført til HFK når oppgjersoppdraget er fullført.

Dato for overtaking er 31.01.2017, jf. pkt. 4.1 i avtalen. HFK skal ikkje betale leige til selskapet for 2017.

Vedlegg 2: Avtale om kjøp av aksjer

Avtalen er datert 24.01.2017 og vil verte signert av HFK v/Rune Haugsdal.

Same dag skal avtalen godkjennast av generalforsamlinga i AS Strandgaten 196, og vi ber om at vedlagte protokoll frå ekstraordinær generalforsamlinga vert underteikna.

Vedlegg 3: Protokoll frå ekstraordinær generalforsamling

Obligasjonsinnskottet er sikra med pant i eigedomen Strandgaten 196. Dette pantet må slettast i samband med oppgjeret, og vi ber om signatur på vedlagte pantobligasjon.

Vedlegg 4: Pantobligasjon

Protokollen og pantobligasjonen vil verte overlevert frå oss til Advokatfirmaet Thommessen AS for vidare handsaming.

Guro Klyve  
Eigedomsavdelinga